



KVINNHERAD
KOMMUNE



Kvinnherad
2050



PLANPROGRAM

KOMMUNEPLAN *Samfunnsdel og arealdel*

Fastsett av kommunestyret 22.05.2019



Kjære kvinnheringar!

Dokumentet de no har i handa er eit av dei viktigaste, strategiske dokumenta i Kvinnherad kommune. Planprogrammet skal beskriva kva vi skal planlegga i den nye kommuneplanen. Kommuneplanen er den største og mest overordna planen for all samfunnsutvikling i Kvinnherad. Innhaldet i planen vil ha stor innverknad på framtida til lokalsamfunnet og oss som bur her. Vi har valt å kalla planarbeidet Kvinnherad 2050. Det er for å illustrera at kommuneplanlegging handlar om framtida, og at vi gjennom dette arbeidet skal svara på korleis Kvinnherad kommune skal sjå ut i 2050.

Vi lever i ei tid der statlege styresmakter stiller stadig større krav til at utvikling i kommunane skal skje gjennom plan, og difor er det viktigare enn nokon gong med gode planar. Med rullering av kommuneplanen, som inneheld både ein samfunnsdel og ein arealdel, skal vi peika ut ei retning for lokalsamfunnet framover, og vi skal planlegga korleis vi skal utnytta areala vi har tilgjengeleg i kommunen vår.

Er det noko vi har nok av i Kvinnherad så er det areal, og her må ein etter mitt syn få til ei disponering som både gjev mulighet til utvikling av lokalsamfunn, næringsliv og eigedomar, samstundes som vi skal ta vare på kvalitetane ved urørt natur. Dette kan vera ein krevjande balanseong, men mykje kan løysast gjennom god planlegging.

Samfunnsdelen skal innehalda kunnskap og fakta om lokalsamfunnet, men først og fremst skal denne delen av planen peika på korleis samfunnet vårt skal sjå ut i 2050. I kva område skal vi satsa på utvikling? Kva type utvikling skal det vera? Korleis skal vi sikra levande bygder i heile kommunen? Kva type arbeidsplassar ynskjer vi her i framtida? Korleis skal vi snu stagnasjon i folketal til vekst i folketal? Vanskelege, men spennande spørsmål vi må ha gode svar på skal vi klara å lukkast. Det er sjølvsagt mange gode tankar om dette både blant dei folkevalde og i kommuneadministrasjonen, men her treng vi hjelp frå folket. Eg trur planen vert betre om den er farga av menneska som bur her, og eg trur vi folkevalde vert betre om vi får engasjement frå folket vi er sett til å tena. Eg oppmodar difor dykk alle om å hjelpa oss med dette, og vonar de vil ta i mot invitasjonen til medverknad i planarbeidet.

Arealdelen er delen med størst praktiske konsekvensar for oss alle. Har du ein eigedom du ynskjer å utvikla, vil dette vera mykje lettare dersom det ein planlegg er i tråd med kommuneplanens arealdel. Vi ser diverre alt for ofte at gode tiltak innbyggjarane ynskjer å realisera vert stoppa av fylkesmannen. Dette skjer oftast fordi det planlagde tiltaket ikkje er i tråd med kommuneplanen. Har vi ein god arealdel der mange har delteke i planarbeidet, vil det vera lettare for oss som kommune å hjelpa innbyggjarane med sine prosjekt. Det gjeld difor å vera aktivt med i planlegginga av ny arealdel, og spela inn til kommunen dei tankar og idear ein har. Hjelp oss å hjelpa deg med realisering av dine planar gjennom å medverka til ny arealdel.

Arealdelen har også store praktiske konsekvensar for kommunen sin mulighet til å leggja til rette for næringslivet. Ei stor bedriftsetablering kan i verste fall glippa dersom kommunen sine planar ikkje tek høgde for dette. Vi må difor gjennom arealdelen få fram areal som er klart til bruk for både nye og eksisterande bedrifter. Dette krev at vi tør å tenka stort. Det er betre å tenka for stort og heller ha for mange muligheter, enn å tenka for smått og mista muligheter. Planlegging er difor ekstremt viktig, men også ekstremt vanskeleg. Det er i planlegging ein verkeleg må tenka strategisk og sjå etter det vi



ikkje klarar å sjå. Her treng vi også hjelp frå folk som bur her, og eg vil utfordra særleg næringslivet til å hjelpa oss med sin kunnskap og kompetanse. Det er først og fremst gjennom ein god kommuneplan vi kan leggja til rette for etablering av nye arbeidsplassar og ny næringsverksemd i Kvinnherad.

Eg vil hevda Kvinnherad har alt. Vi har trivelege lokalsamfunn, gode sentrumsområde, trygge bumiljø, variert næringsliv, folk med pågongsmot, spektakulær natur og enorme naturressursar. Kvinnherad har alle muligheiter for å lukkast, men eg er redd vi allereie har gått glipp av ein heil del muligheiter fordi planane våre har vore for dårlege. Dette skal vi no gjera noko med.

Eg ser fram til arbeidet med ny kommuneplan, og vonar at planen den dagen den skal vedtakast i kommunestyret er resultat av sterk medverknad frå heile lokalsamfunnet. Vi kvinnheringar har til felles at vi alle har valt å satsa på eit liv i Kvinnherad. Lat oss no alle saman delta i dugnaden for ein ny kommuneplan der vi kan realisera kommunen sitt slagord: Fellesskap og trivsel – utvikling og vekst.

Lukke til!

Med helsing
Peder Sjø Slettebø

Ordfører



1	FØREMÅL OG BAKGRUNN	5
1.1	Mandat	5
1.2	Bakgrunn	5
1.3	Organisering	6
1.4	Opplegg for medverknad.....	6
1.5	Handsaming av innspel til planen.....	7
1.6	2020-2050.....	7
1.7	Framdrift.....	8
2	KVINNHERAD 2019, STATUS I DAG.....	9
3	KVINNHERAD 2050 - hovudtema og problemstillingar	13
3.1	Attraktiv kommune	13
3.2	Frisk kommune	15
3.3	Grøn kommune	17
4	AREALSTRATEGI.....	19
4.1	Oversikt over arealstrategiar:.....	19
5	METODE OG KARTLEGGING	20
5.1	Verdi- og konsekvensutgreiing og risiko -og sårbarheitsanalyse	20
5.2	Analyse av arealreserve knytt til bustad	21
5.3	Strandsoneanalyse	21
5.4	Flaumfaresonekartlegging.....	22
5.5	Kartlegging av kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag.....	22
5.6	Moglegheitsstudie i Mauranger	22
6	HANDLINGSDEL	22
7	KJELDER	23
	Vedlegg A Føringer	24


1 FØREMÅL OG BAKGRUNN

1.1 Mandat

Kvinnherad kommunestyre vedtok 22.03.18 oppstart av ny kommuneplan, med samfunnsdel og arealdel. Kommuneplanen skal vere i tråd med plan- og bygningslova (pbl. kap. 4, 5 og 11)

1.2 Bakgrunn

Vedteken planstrategi seier at arbeidet med ny samfunnsdel skal på plass i kommunestyreperioden. Samfunnsdelen til kommuneplanen er kommunen sitt verktøy for strategisk, overordna, langsiktig og heilskapleg planlegging. Samfunnsdelen skal planlegge både for kommunen som samfunn og organisasjonen Kvinnherad kommune. Gjennom arbeidet med kommuneplanen skal kommunen vektlegge viktige utfordringar knytt til samfunnsutvikling og synleggjere dei strategiske vala kommunen tek (figur 1 og 2).




Figur 1 Viser samanheng mellom planprogram, samfunnsdel, arealdel og økonomiplan

Kommuneplanen skal vera styrande for alt vidare planarbeid i den kommunale organisa-

sjonen, og planprogrammet er meint å styrkja medverknaden tidleg i planarbeidet og bidra til ein målretta og føreseieleg planprosess. I planprosessen vil det bli lagt vekt på å styrka medverknad og politisk styring av planarbeidet, som vil gje kommuneplanen politisk forankring og føre til auka plandisiplin og planforståing. Vidare er det eit viktig mål for planarbeidet at det vert ei tydeleg kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen, samt kopling mellom samfunnsdelen, handlingsdelen og den fireårige økonomiplanen.

Gjeldande samfunnsdel vart vedteken heilt attende i 2000. Det vart starta eit større arbeid med revidering av planen i 2005, og i dei påfølgjande åra vart det gjennomført ein omfattande prosess med evaluering av gjeldande plan, idédugadar, visjonsverkstad, scenarioanalyse, temamøte og innspelsamling. I 2014 vart det utarbeidd eit planprogram for ny samfunnsdel av kommuneplanen, men planarbeidet vart aldri sluttført. Ein del av dette planarbeidet vert no løfta fram att, vurdert og brukt inn i den nye kommuneplanprosessen.

Planprogrammet skildrar felles planprosess for samfunnsdelen og arealdelen for å sikre tydeleg kopling. Det kan likevel tenkjast at det blir to løp seinare i prosessen, men det er viktig å få på plass ein samfunnsdel som eit fundament for arealdelen.



Figur 2 Oversikt over vegen mot ein kommuneplan

1.3 Organisering

Oppdragsgjevar:	Kommunestyret
Prosjekteigar:	Kommunedirektøren
Styringsgruppe:	Kvinnherad formannskap
Prosjektleiing:	Avdeling for samfunnsutvikling, Sektor for kultur, næring og utvikling (KNU)
Prosjektgruppe/koordineringsgruppe	Kommunedirektøren si leiargruppa
Politisk arbeidsgruppe for kommuneplanarbeid	Øyvind Utne(H), Arne Bjørnevik(H), Clara Hveem(SP), Stein Olav Ølvestveit(SP) og Hilde Enstad (AP) (<i>kan verta endringar etter kommunevalet 2019</i>).
Referansepersonar/gruppe:	Kommunedirektøren sitt leiarforum

1.4 Opplegg for medverknad

God medverknad er nøkkelen til ein god planprosess. Det skal så tidleg som mogleg leggjast til rette for medverknad for innbyggjarar, lag og organisasjonar, både i prosessen med planprogrammet og i arbeidet med sjølve planen. Det vert lagt opp til ein open, brei og tilgjengeleg medverknadsprosess der det skal leggjast til rette for alle grupper i samfunnet. Vi vil aktivt sørgje for at grupper som elles ikkje deltek i samfunnsdebatten får si stemme høyrte. Kommunen vil spele på fleire medverknadsmetodar for å få flest mogleg engasjert og involvert i planarbeidet. Slik skal det skje:

- Spørjeundersøkingar (retta mot særskilde grupper)
- Sosiale medium #kvinnherad2050
- Rettleiar for innspel
- Folkemøter med tema: bustad, næring og landbruk.
- Stand på AqKva-konferansen 2019 www.aqkva.no og Hardangerfjordseminaret 2019
- #kvinnherad2050 - nettside for medverknad www.kvinnherad2050.no
- Lokalmedia – redaksjonelt og annonsering
- Opplegg for medverknad for born og unge er etablert saman med skulane. I tillegg vert det utforma målretta undersøkingar for unge gjennom sosiale medium.

I tillegg til eit planlagd opplegg skal vi vere førebudd på å ta situasjonar «litt på sparket», og vere synlege på arrangement mv. Det vert

lagt opp til lengre høyringsfristar enn det som det er krav om i lova for å sikre god medverknad (sjå punkt 1.7).

Politisk forankring og eigarskap til planen vert avgjerande for planarbeidet. For å få politisk styring og forankring av planarbeidet, vert det lagt opp til hyppige tangeringar med politisk arbeidsgruppe for kommuneplanarbeid og formannskapet, m.a. gjennom handsaming av innspel og siling. Kommunedirektøren kjem regelmessig til å informere både formannskapet og kommunestyret om framdrift på planarbeidet. Styringsgruppa (Formannskapet) skal gjere vedtak om siling av innspel og handsaming av merknadar.

Informasjon om planprosessen skal vere open og lett tilgjengeleg for innbyggjarane, m.a. på www.kvinnherad2050.no.



Medverknad som er gjennomført:

- Val av plantema i styringsgruppa. Formannskapet har ved fleire høve fått uttale seg til val av plantema.
- Val av plantema med den kommunale organisasjonen (leiarforum). Utsjekking av tema innanfor alle fagområde.
- Regionalt planforum, mai 2018.



1.5 Handsaming av innspel til planen
For å handtere store mengder innspel (særskilt knytt til arealdel), er det naudsynt med ei grovsiling. Alle innspel vil bli samla i eit dokument med samandrag av innspela, samt administrasjonen sine faglege vurderingar av dei. Dokumentet vert grunnlaget for grovsilinga, som skal ha politisk handsaming. Berre dei innspela som står seg gjennom grovsilinga, går vidare til full vurdering og konsekvensutgreiing. Etter konsekvensutgreiinga står ein att med dei innspela som skal inn i planframlegget. Det er viktig å gjere silinga på ein mest mogleg føreseieleg og gjennomsiiktig måte. Ei slik siling med politisk handsaming er viktig for å få til politisk forankring og styring.

Administrasjonen vil leggje fram vurdering av innspela etter "trafikklysmetoden":

- ✓ **Innspel som går vidare til KU får grøn farge.**
- ✓ **Innspel som kan gå inn med endring får oransje farge.**
- ✓ **Innspel som Kommunedirektøren foreslår å ta ut av planen får raud farge.**

Val av plantema, særleg i arealdelen, vil vera avgjerande for omfanget og ressursbruken på

planarbeidet. Om planen vert avgrensa i forhold til nokre tema, vil planarbeidet gå meir effektivt. Til dømes veit vi at nye byggeområde til fritidsbustad og naust i strandsona ofte fører til høgt konfliktnivå med regionale og statlege styresmakter. Kommunen legg denne gangen opp til å prioritere nye areal til bustad, næring og akvakulturføremål, samt småbåthamner og felles anlegg til sjø.

Frå mai 2019 til august 2019 vil det bli opna for innspel til planarbeidet. Administrasjonen brukar denne perioden til å lage silingsgrunnlaget for styringsgruppa. September 2019 vert det valt nytt kommunestyre, og den politiske organiseringa av kommunalt planarbeid vert difor organisert på nytt, i tråd med ny kommunelov. Etter at silinga er gjennomført, vil det bli utarbeidd verdi- og konsekvensvurdering av dei planendringane som krev det, og på bakgrunn av desse vurderingane utarbeidar kommunedirektøren framlegg til ny kommuneplan, som styringsgruppa deretter kan gjere vedtak om å leggje ut på høyring. Merk; etter at planforslaget er lagt ut på høyring, ønskjer ein ikkje innspel om nye moment til planen, men berre merknadar til planforslaget.

Døme på vurderingskriterium:

Ingen konflikt God måloppnåing	Middels konfliktpotensiale Mindre god måloppnåing	Høgt konfliktpotensiale Svært dårleg måloppnåing
-----------------------------------	--	---

SAMFERDSLE
BYGDEUTVIKLING
INKLUDERING
NÆRINGSUTVIKLING
FOLKEHELSE

SAMFUNNSTRYGGELEIK
STRANDSONEVERDIAR
NATURFARE
LANDBRUKSVERDIAR
KULTURMINNEVERDIAR

1.6 2020-2050

Kvifor har vi vald å planlegge heilt fram til 2050? Verda har vore i endring og kjem til å vera i endring i åra framover. Dei siste 30 åra har det skjedd store endringar i Kvinnherad-samfunnet, og det er ingen grunn å tru at dette vil stoppe opp.

Kommuneplanen skal vera eit overordna og langsiktig styringsdokument. Kvar er vi i 2020, kvar vil vi vere i 2050, og korleis skal vi koma oss der. Mål og strategiar skal hjelpe heile Kvinnherad kommune å utvikle seg i same retning. Men det er sjølvsaugt ikkje slik at vi kan lage ein fasit på korleis vi skal utvikle oss dei neste 30 åra. Endringar skjer raskt, det er stor usikkerheit og det vil bli trong for rullering av



både samfunnsdelen og arealdelen før 2050.
Men ved å løfte blikket fram mot 2050 kan

Kvinnerad stake ut ein kurs mot det
samfunnet vi ynskjer å ha.


1.7 Framdrift

Framdriftsplan for ny kommuneplan	
Revidert 11.09.18	
Handling	Tidsrom
Vedtak start planarbeid	Mars 2018
Planforum Hordaland fylkeskommune (HFK)	Mai 2018
Drøfting høringsutkast i pol. arb.gruppe for kom.planarb	November 2018
Formannskapet: Vedtak planprogram på 8 vekers høyring	Desember 2018 – Februar 2019
Handsaming merknadar i pol. arb.gruppe for kom.planarb.	Mars 2019
Formannskapet: Vedtak planprogram	Mai 2019
Kommunestyret: Vedtak planprogram	Mai 2019
Innspelsperiode	Mai 2019 – August 2019
Medverknad: Temamøter, folkemøter, aktivitetar, osv.	Mai 2019 – November 2019
Kommunedirektøren: Handsaming innspel	Juni 2019 – November 2019
Grovsiling i av innspel før KU. Handsaming i formannskapet	November 2019
Finsiling av innspel etter KU i formannskapet	Desember 2019
Planforum Hordaland fylkeskommune (HFK)	Desember 2019
Formannskapet: Vedtak planforslag på 8 vekers høyring	Februar 2020 – April 2020
Kommunedirektøren: Handsaming merknadar	April –Mai 2020
Formannskapet: Handsaming merknadar	Mai 2020
Formannskapet: Vedtak Kommuneplan	August 2020
Kommunestyret: Endeleg vedtak Kommuneplan	September 2020



PLANPROGRAM

PLAN



Figur 3 Flyttdiagram over framdrifta med innlagte milepælar.


2 KVINNHERAD 2019, STATUS I DAG.

Kvinnherad er ein relativ stor kommune i vestlandsmålestokk; både i areal (kring 1100 km² landareal og kring 1500 km² i alt) og i folkesetnad (vel 13.000 innbyggjarar). Kommunen ligg slik til at den utgjer sin eigen region.

Demografi og sysselsetting

Folketalet i Kvinnherad har dei siste 30 åra vore stabilt på om lag 13.000 innbyggjarar. Dei nyaste prognosane syner at folketalet kjem til å gå ned med om lag 1300 innbyggjarar, kring 10

%, fram mot 2045 (figur 4). I tillegg vert samansetninga i folkesetnaden endra kraftig. Gjennomsnittsalderen er aukande og fødselsoverskotet er minkande. Det skuldast i hovudsak låge fødselstal, netto fråflytting og aukande del eldre. I følgje prognosane vil det i framtida vere langt færre unge og personar i arbeidsfør alder enn i dag (figur 4 og 5) (Hordaland fylkeskommune (2018), Statistisk sentralbyrå (2018)).



Figur 4 Folketalsprognose fram til 2045. 2018 er markert med svart linje. Kjelde: Hordaland fylkeskommune (2018)




Alder	0-5 år	6-19 år	20-66 år	67-84	85 + år
Prognose 2045, endring frå 2018	-236	-870	-1325	571	517

Tabell 1 Tabellen viser differansen mellom folketalet i 2018 og prognosen for folketal i 2045. Tabellen er delt i ulike aldersgrupper. Blir det auke eller nedgang? Kjelde: Hordaland fylkeskommune (2018)

Endringa i folkesetnaden vil gje store utfordringar for det kommunale tenestetilbodet, særleg innan helse, omsorg og sosial. Allereie i dag har ein utfordringar med å halde ein berekraftig folkesetnad, særleg i dei mindre bygdene i utkanten av kommunen der barnekulla har falt dei siste åra. Ein skal likevel merke seg at prognosen ikkje tek høgde for framtidige infrastrukturprosjekt eller aktuelle, lokale tema som kan verke inn på utviklinga. Stor auke i etterspurnaden etter arbeidskraft kan til dømes endre folketalsutviklinga i positiv retning (hordaland.no, 2018).

Innanriks flytting og innvandring



Figur 5 Flytting til og frå Kvinnherad i 2017. Kjelde: Statistisk sentralbyrå (2018)


Pendling

Det er ein liten del av den samla arbeidsstokken som pendlar ut av kommunen for å arbeide, og enda færre som pendlar inn. Utpendling til Stord (189), Bergen (181) og offshore (119) er dei 3 største gruppene (hordaland.no, 2016).

Næringsstruktur



Figur 6 Oversikt over næringsstrukturen i Kvinnherad, 2018. Kjelde: Statistisk sentralbyrå (2018).




Figur 7 Fordeling sysselsetting mellom privat og offentleg sektor i prosent. Kjelde: Statistisk sentralbyrå (2018)

Klima og naturfare

Klimaet er i endring og det vil få konsekvensar for Kvinnherad. Klimaprofilen for Hordaland viser kva ein kan vente av endringar i klima i framtida, mellom anna vil styrtnebdør kome hyppigare (Norsk klimaservicesenter, 2017). Aktsemdskart for ras og flaum dekkjer store deler av kommunen. Mange av tettstadane er etablert nær elv og flaumleier, og viktig infrastruktur er plassert på ras- eller flaumutsette stader.

Klimagassutslepp



Figur 8 Oversikt over klimautsleppa i Kvinnherad kommune 2018. Kjelde: Greensight (2018)

Oppvekst

17 barnehagar, 15 grunnskular (10 barneskular, 4 ungdomsskular, 1 kombinert skule) og 1 vidaregåande skule er fordelt kringom kommunen. Det er full barnehagedekking i Kvinnherad, men det er ei utfordring å gje tilbud med kort reiseveg i dei små bygdene.

Det er kompetanseutfordringar innan små einingar mellom anna då det er krevjande å rekruttera breidde i kvalifikasjonar.



Fritidstilbudet i kommunen er bra, men anleggskapasiteten er avgrensa.

Folkehelse

Eit gjennomgåande tema for alle vurderingar er ulikheit i helse. Helse er jamt over dårligare og levealderen kortare hjå menneske med kort utdanning, låg inntekt og låg yrkesstatus (HIOA, 2014).

Kvinnherad har utarbeidd ei eiga *folkehelseoversikt* (rullering i 2019). Denne er ein del av kunnskapsgrunnlaget til kommuneplanen. Saman med folkehelseinstituttet sin årlege *folkehelseprofil*, har ein klare tal på trekk i kommunen. Mellom anna har kommunen store utfordringar knytt til sjukdomar som kan førebyggast. Arbeidet med kommunedelplan for helse, omsorg og sosial er godt i gong, og kvalitetsreforma «Leve heile livet» er med som ein del av kunnskapsgrunnlaget.

Ungdata er lokale undersøkingar som gjev eit godt innblikk i korleis det er å vere ung i dag. Neste undersøking er lagt til første halvår 2019. Sjølv om Kvinnherad ikkje skil seg ut innan spesielle tema i høve til fylket eller nasjonen, er det mykje folkehelsegevinst i å hindre fråfallet i vidaregåande skule.

Helse og omsorg

Kvinnherad kommune har desentralisert struktur innan helse og omsorg. 4 legesenter, 4 helsestasjonar og 3 alders- og sjukeheimar er fordelt kringom kommunen.

Det er krevjande å rekruttera kvalifisert personell og sikre samordna tenestetilbod. Nye oppgåver er tillagt kommunen og førebyggbare sjukdomar og endra alderssamansetnad er nye utfordringar.

Kommunikasjon, samferdsle og senterstruktur

Kvinnherad manglar ein klar senterstruktur. Tilhøvet mellom lokalsenter, kommunesenter og regionsenter er ikkje sjølvsgagt. Husnes er definert som regionsenter. Kommunen er oppdelt og vidstrakt, og Rosendal har fungert som kommunesenter i lang tid. Fire ferjesamband knyt kommunen saman, samstundes som ferjene i lag med to lengre tunnelar skapar kontakt med regionen elles. Kollektivtrafikken har låg frekvens og gang- og sykkelnettet er usamanhengande, men betring av dette vert prioritert, særleg gjennom den forpliktande satsinga «Trafikksikker kommune». Kommunedelplan for samferdsle er under arbeid. Kvinnherad Fiber og breibandnettet er godt utbygd.

Kultur

Kvinnherad har eit mangfald av friviljuge lag og organisasjonar som tilbyr kultur- og fritidsaktivitetar til innbyggjarar og tilreisande. Gjennom institusjonar som Baroniet Rosendal, Halsnøy kloster, mellomalderkyrkjene, Kulturhuset Husnes, festivalar og andre arrangørar i friviljug sektor, har Kvinnherad òg eit godt tilbod av profesjonelle kulturtilbod. Det er registrert ei dalande interesse for



langsiktig organisasjonsarbeid, medan interessa for prosjektbasert frivillig arbeid er aukande. Det er ei dalande deltaking i organisasjonar i ungdomsåra.

Beredskap

Innsatstid og kapasitet heng tett saman med sentrum og periferi i Kvinnherad. Somme stader i utkantane er det vurdert at ei uynskja hending vil bli forverra grunna lang innsatstid, men at det ofte er mindre konsekvensar for liv og helse og materielle verdiar, samt små konsekvensar for ytre miljø.

Natur, friluftsliv og strandsone

Kommunen har eit mangslunge og variert landskap, frå skjergardsidyll med øyar og lune viker i sørvest til høgfjell, tronge fjordar og bratte dalsider i nordaust. I samband med kraftutbygging, er det bygd bilveggar høgt til fjells, og fjellheimen er lett tilgjengeleg. Opparbeidde turstiar og tilrettelagde bade-plassar er å finna i dei fleste bygder. Kommunen har fleire mindre statleg sikra friluftslivsområde, og ein stor del av kommunen er kartlagt og vurdert som svært viktig eller viktig friluftslivsområde.

Det er ei særleg lang strandsone i kommunen då fastlandsdelen har ei rekkje fjordarmar som skjer seg inn i landskapet, samt at det er fleire store øyar. Ein stor del av strandsona er ubygd og omfattar for det meste skog eller dyrka mark. Dei fleste bygdene i kommunen ligg langs fjorden og ein stor del av vegane ligg tett i

fjorden. Kommunen har difor òg mange område der strandsona er nedbygd med hus, infrastruktur, naust og båtanlegg.

Kvinnherad har store areal verna som nasjonalpark (Folgefonna), naturreservat og landskapsvernområde. Saman med tre verna vassdrag (Hattebergvassdraget, Æneselva og Furebergselva) og eit godt kunnskapsgrunnlag for terrestrisk naturmangfald er det klassiske naturvernet godt ivareteke.

Reiseliv

Som punkta over viser, har Kvinnherad mykje å by på. Naturen med Folgefonna nasjonalpark i spissen, er ein sentral del av attraksjonskrafta. Kulturell input får ein mellom anna hjå Baroniet Rosendal, Galleri G Guddal, Halsnøy Kloster, musea og Folgefonnssenteret.

Turistsesongen i Kvinnherad er hovudsakleg frå påske til slutten av september. Det er fleire nordmenn enn menneske frå andre nasjonalitetar som besøker Kvinnherad samanlikna med dei andre kommunane i regionen, mykje grunna større arrangement og særleg grunna Baroniet i Rosendal.

I heile kommune finn ein små verksemdar som tilbyr overnatting og utleige av hytter. Større verksemdar finn ein i Rosendal. Dei fleste er heilårsopne. Gjestehamnene i kommunen står for ein god del av overnattingane, i tillegg til bubiltrafikk og enkelt friluftsliv.



3 KVINNHERAD 2050 - hovudtema og problemstillingar

Kvinnherad er eit samfunn som har ei rekkje styrker som gjer oss godt rusta til å ta fatt på dei mange utfordringane som kjem i åra fram mot 2050: eit variert og tilpassingsdyktig næringsliv, gode nærmiljø og fantastisk natur som lokkar stadig fleire besøkjande. Kommuneøkonomien er solid og det finst ikkje planar for samanslåingar med andre kommunar. I kommuneplanen vert framtida møtt gjennom tre overordna perspektiv: **Attraktiv, frisk og grøn kommune.**

Kvifor «attraktiv, frisk og grøn»? Det har vore jobba grundig med val av plantema for denne kommuneplanen og det går nokre raude trådar

gjennom alle temaa. Desse er; attraktivitet, folkehelse, og klima- og miljø. At «alt heng saman med alt», kjem tydeleg fram når ein skal lage ein slik overordna og nærast altomfattande kommuneplan. For å forstå plantema som til dømes bustad og næring, er det naturleg å sjå det i desse perspektiva: Kva er det som gjer Kvinnherad til ein attraktiv stad å bu? Korleis er det attraktivt å bu i Kvinnherad? Er det attraktive arbeidsplassar her? Kan Kvinnherad vere ein god stad å leve eit sunt og godt liv? Kva moglegheiter har Kvinnherad for innovasjon og verdiskaping gjennom det grønne skiftet? Korleis kan Kvinnherad kommune som organisasjon vere med å gjere kommunen attraktiv, frisk og grøn?



3.1 Attraktiv kommune

Næring – bustad – samferdsle

Kvifor attraktiv?

Fordi ein ikkje har noko val. Prognosane syner at folketalet dei neste 25 åra går ned med kring 10 % om ein ikkje klarar å tiltrekkje seg nye innbyggjarar og halde på dei ein allereie har. Samstundes vil etterspurnaden etter kvalifisert arbeidskraft auke kraftig innan kommunale tenester. Kommunen må altså tiltrekkje seg kompetente fagfolk for å vere rusta for dei store omstillingane ein veit kjem i samfunnet. Kvinnherad er avhengig av å vere attraktivt for *næringslivet* fordi det skapar arbeidsplassar, kompetanse og verdiar i samfunnet. Då er god kommunikasjon med omverda ein viktig del av

tiltrekkingskrafta. I dag er det tungvint å kome seg til og frå Kvinnherad, dette er noko som er til hinder for næringsliv og innbyggjarar i Kvinnherad. Saman med god internkommunikasjon er samferdsle og transport inn og ut av kommunen difor ein viktig faktor for kor attraktiv Kvinnherad vil vere i 2050.

Kvinnherad har i dag levande, vakre og helsefremjande lokalsamfunn som folk får lyst til å bu og besøkje. Det er attraktivt, og må byggast vidare på. Då må ein i tillegg til arbeidsplassar tilby gode bustader til nye og eksisterande kvinnheringar.



Kva har attraktivitet med ny kommuneplan å gjere?

1. Kommuneplanen må svare på *korleis* Kvinnherad kan verte meir attraktiv for eigne og nye innbyggjarar, besøkjande og næringsliv.
2. Planen må svare på kva som er våre fremste styrkar og kvalitetar. Kvinnherad kan ikkje vere best på alt, med avgrensa ressursar vert ein fort middels jamt over. For at kommuneplanen skal gjere ein vesentleg positiv skilnad for Kvinnheradsamfunnet, må ein velje ut nokre få område å satse på.
3. Det er avgjerande at det Kvinnherad vel å satse på i *samfunnsdelen* av kommuneplanen, vert spegla i *arealdelen*, altså plankartet, og som til slutt kan materialisera seg i terrenget.

3.1.1 Problemstillingar om attraktivitet som skal svarast på i ny kommuneplan:

Samfunnsdel:

- Korleis kan Kvinnherad vere ein attraktiv kommune i det nye fylket Vestland og for innbyggjarane i våre nabokommunar?
- Korleis skal Kvinnherad oppretthalda ein berekraftig folkesetnad?
- Korleis leggje til rette for verdiskaping og arbeidsplassvekst?
- Korleis skape og trekkje til seg kompetent arbeidskraft?
- Korleis leggje til endå meir innovasjon og nyskaping?
- Korleis styrkje den positive utviklinga i landbruket i Kvinnherad?
- Korleis styrke reiselivsnæringa i Kvinnherad?
- Korleis kan regionsenteret Husnes skape nye arbeidsplassar og vere ein motor for heile kommunen og regionen?
- Korleis definere senterstrukturen i Kvinnherad?
- Korleis styrkje den sterke friviljugheta og dei kulturelle spydspissane i Kvinnherad?
- Korleis skal Kvinnherad satse på betre samferdsle?

- Korleis skal Kvinnherad kommune byggje og utvikle ein offensiv stadleg kultur for å gripe moglegheitene?
- Korleis kan ein best marknadsføre reiselivet vårt?
- Korleis utnytte Kvinnherad sin plassering mellom Sunnhordland og Hardanger?
- Korleis skal kommunen verte betre på dialog med innbyggjarane?

Arealdel:

- Korleis sikrar ein gode næringsareal til framtida?
- Korleis sikre gode næringsareal på og til sjø til framtida?
- Korleis planleggje bustadbygging i Kvinnherad?

Beredskap for flaks

Selv om tilfeldige hendelser og flaks har stor betydning for næringsattraktiviteten, vil en kunne tenke seg at kommunene er forskjellige med hensyn til hvordan de reagerer når det oppstår en anledning til vekst. Noen kommuner griper mulighetene raskt og utnytter flaksen, mens andre reagerer sent eller kanskje ikke i det hele tatt. Kanskje bør kommunene ha en «beredskap for flaks»? En plan for hvordan de reagerer hvis det plutselig står en større nyetablering, en investor eller enn annen mulighet for å skape vekst. Kommuner kan berede grunnen for å utnytte positive hendelser gjennom å ha gode arealplaner, raske beslutningslinjer og en aktiv og årvåken oppmerksomhet på muligheter som byr seg.

«Suksessrike distriktkommuner anno 2018», Telemarksforskning 2018.



3.2 Frisk kommune

Trivsel – deltaking – helsefremjande nærmiljø

Gjennom å nytte frisk kommune som perspektiv i kommuneplanen, set ein fokus på faktorar som kan påverke folkehelsa gjennom heile livsløpet.

Oppvekstvilkår, bumiljø, deltaking i arbeid, utdanning, fysisk aktivitet og sosial deltaking, er faktorar som i stor grad påverka helsetilstanden i folkesetnaden. Ein arbeidsplass å gå *til* kan vere like viktig for helsa som ein tursti å gå *på*.

Kvifor frisk kommune?

Folkehelsearbeid og utvikling av aktive og trygge lokalsamfunn er to sider av same sak. Som frisk kommune har Kvinnherad mange positive faktorar å byggje vidare på, men òg ein del utfordringar å ta tak i.

Å halde innbyggjarane friske, heng saman med korleis ein innrettar samfunnet. Sunn økonomi, gode bustader, eit sunt arbeidsmiljø, gode oppvekstvilkår og trygge omgjevnader må til for å betre helsa i kommunen. Kvinnherad har ei rekke fordelar når det gjeld folkehelsa. Rikhdig natur, trygge lokalsamfunn med høg tillit, eit aktivt lagsliv og låg arbeidsløyse.

Det er forventa at ein aldrande folkesetnad vil skape eit auka press på helse- og omsorgstenesta. Færre i yrkesaktiv alder vil venteleg gje større utfordringar knytt til å skaffe tilstrekkeleg personell til å dekke auka trong for helse- og omsorgstenestar.

Samstundes skil Kvinnherad seg negativt ut med ein høg del unge uføre, samt mange som slit med førebyggjare sjukdomar og dårleg psykisk helse. Lågt fysisk aktivitetsnivå og overvekt er eit problem, òg blant unge. Det er vanskeleg å bøte på desse utfordringane utan å ta tak i dei store underliggjande årsakene i samfunnet. Då er det samanfiltra makrotrendar som lågt utdanningsnivå, aukande sosiale skilnader, einsemd og mangel på naturlege sosiale møtestader som slit på folkehelsa (Helsedirektoratet).

Kva har folkehelse med ny kommuneplan å gjere?

1. Ein vél ikkje alltid kva helse ein skal ha, men kommunen har eit ansvar for folkehelsearbeidet. Å leggje til rette for at den einskilde kan ta eit val som er helsefremjande, er god helsepolitikk. Slik skal helsemessige omsyn bli ivaretekne gjennom planlegging.
2. Kommuneplanen sin samfunnsdel må svare på dei store demografiske utfordringane som kjem til å påverke tenestetilbodet til kommunen, særleg innan oppvekst og, omsorg, helse og sosial.
3. Samfunnsdelen er òg premissleverandør for kva grep kommunen gjer for å fremje trygge, inkluderande lokalmiljø med eit godt tilbod innan kultur, idrett og fritidsaktivitetar.
4. Arealdelen av kommuneplanen er avgjerande for å fremje folkehelsa ved å planleggje korleis kompakte, trygge og helsefremjande bygder skal sjå ut i røynda.

3.2.1 Problemstillingar om frisk kommune som skal svarast på i ny kommuneplan:

Samfunnsdel:

- Korleis leggje betre til rette for tilgang til arbeid og aktivitet for alle grupper?
- Korleis leggje til rette for eit samfunn med små skilnader?
- Korleis leggje til rette for gode og helsefremjande val og miljø?
- Korleis skape arenaer som stimulerer til aktivitet og fellesskap mellom alle lag i folkesetnaden?
- Korleis skape trygge og gode oppvekstvilkår?
- Korleis stimulere til deltaking i friviljugheita?
- Korleis skal Kvinnherad byggje kompetanse og infrastruktur knytt til velferdsteknologi?
- Korleis styrkje innbyggjarane sitt høve til å meistre eigne liv?

- Korleis planlegge for eit meir aldersvenleg samfunn?
- Korleis ta vare på og utvikle gode kultur-, idretts- og fritidstilbod?
- Korleis snu frå å vere trengande til å vere trong for?

Arealdel:

- Korleis skape trygge og inkluderande lokalsamfunn?
- Korleis kan kommunen leggje til rette for aktiv transport for alle?

- Korleis skal kommunen sikre at alle born og unge har trygg skuleveg?
- Korleis skal kommunen sikre befolkninga mot faktorar i miljøet som kan ha negativ innverknad på helse?
- Korleis sikre tilgang til naturopplevingar i nærleiken av alle bustadområde?
- Korleis ivareta og utvikle ferdselsårer for friluftslivet?
- Korleis skal kommunen utvikle helsefremjande miljø og treffstader i det førebyggjande arbeidet?



Far: «Kan du teikne korleis det ser ut i bygda di om 30 år?»

Dotter, 8 år: «Ja. Det ser slik ut.»

Far: «Kva er nytt då?»

Dotter: «Alt er nytt. Alt er nemleg på ny plass: Sola, besto sitt hus, vegen, sjøen. Alt har fått ny plass.»

3.3 Grøn kommune

Næring – samferdsle - klimatilpassing - berekraftig planlegging


Noreg har ratifisert Paris-avtalen og lovfesta denne gjennom ein ny klimalov 1. januar 2018. I følgje klimaloven må Noreg redusere klimagassutsleppa med minst 40 % i 2030 samanlikna med 1990. Ein stor del av kutta vil måtte kome på lokalt nivå, og dei krev ei heilskapleg tilnærming, med kartlegging, systematisk arbeid med tiltak, og konkrete målsettingar i kommuneplanen, som vert evaluert årleg. Samstundes må kommunen planleggje slik at ein er best mogleg førebudd på klimaendringane i åra framover. Om Kvinnherad som kommune og samfunn kjem raskt i gong, fins det store moglegheiter for verdiskaping og innovasjon gjennom det grønne skiftet.

Kvifor grøn kommune?

Kvinnherad er på mange måtar heile den vestlandske driftigheita kokt ned i ein enkelt kommune: Her finst ein fruktbar kombinasjon av storproduksjon av vasskraft, kraftkrevjande industri og verdsleiande maritime og marine næringar. Dette er næringar som kvar for seg gjennomgår ei rivande utvikling mot eit grønar samfunn, og som saman sit på kompetanse som ein treng meir av framover. Det er i denne delen av næringslivet at ein får arbeidsplassane med dei største ringverknadene for resten av samfunnet, og difor naturleg å fokusere på. Den fantastiske naturen, det veldrivne landbruket og dei pittoreske bygdene er noko turistane i stadig større grad ser, samstundes som det er eit sterkt ynskje å få fleire til å busetje seg i Kvinnherad.

Innan både reiseliv og i utviklinga av lokalsamfunn, må kommunen ta aktive grep for å sørgje for at utviklinga skjer til nytte for heile samfunnet og i berekraftige former. FN sine berekraftmål gjer ei felles retning for ei berekraftig utvikling og etablerer eit godt rammeverk for arbeidet med kommuneplanen.

I forvaltninga av strandsona vil det mellom anna bety at urørt natur har høg prioritet, og at den utviklinga kommunen tillèt skjer til nytte for flest mogleg, til dømes gjennom fellesanlegg til sjø, småbåthamner og offentlege friområde i staden for nye område som vert privatisert.



Kva har grøn kommune med ny kommuneplan å gjere?

1. Kommuneplanen må svare på korleis Kvinnherad skal nå dei nasjonale målsettingane for klimakutt.
2. Kommuneplanen må svare på korleis Kvinnherad skal takle dei store omstillingane som kjem.
3. Kommuneplanen styrer Kvinnherad kommune sitt overordna grep om klimaleiing, næringsutvikling og klimatilpassing.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggje til rette for ei *heilskapleg samfunnsplanlegging*, avklare kva retning ein skal ta som samfunn, og kople dette saman i arealdelen med klare føresegner og føringar for arealbruk.

3.3.1 Problemstillinger om grøn kommune som skal svarast på i ny kommuneplan:

Samfunnsdel:

- Korleis kan ein setje ambisiøse, men realistiske klimamål for heile Kvinnherad i kommuneplanen?
- Korleis kan kommunen setje klimaarbeidet i eit skikkeleg system?
- Korleis skal kommunen møte utfordringane knytt til samfunnstryggleik, særskilt med tanke på klimaendringane?
- Korleis legge til rette for ny grøn næring?
- Korleis utvikle og bygge ut fornybar energi?
- Korleis skape eit berekraftig reiseliv?
- Korleis skal ein ta vare på viktig natur og naturtypar for framtidige generasjonar?

- Korleis får ein til eit attraktivt, friskt og grønt utbyggingsmønster?

Arealdel:

- Korleis legge til rette for ei berekraftig akvakulturnæring?
- Korleis planlegge for berekraftig bustadbygging og næringsutvikling?
- Korleis leggje til rette for effektiv og miljøvennleg transport?
- Korleis handtere bruk og vern av fjorden, strandsona og dyrka mark på best mogleg måte?
- Korleis sikre og utvikle viktige friluftsområde for alle?
- Korleis får ein til god massehandtering?



4 AREALSTRATEGI

Arealstrategien skal sikre areala som skal gjere Kvinnherad attraktiv, frisk og grøn.

Kvinnherad kan ikkje seiast å vere ein presskommune. Det vert bygd 50-100 husvære årleg og 20-30 fritidsbustader. Veksten skjer i hovudsak langs aksen frå Rosendal til Husnes/Sunde/Valen og òg på sentrale deler av Halsnøy. Det er difor viktig at ein i Kvinnherad jobbar for differensiering av arealbruken, og det er trong for planstyrt fleksibilitet; i og nær tettstadane skal utbygging i hovudsak skje etter vedtekte reguleringsplanar. Konsentrert bustadbygging skal fortrinnsvis skje kring tettstader og knutepunkt, i bygdene elles kan spreidd utbygging skje der arealdelen til kommuneplanen legg til rette for det. Bustadplanen til Kvinnherad (vedteke 26.10.2017) vil vere ein del av kunnskapsgrunnlaget. Talet på dispensasjonar

skal ned som følgjer av målretta plangrep og auka plandisiplin.

Regionsenteret Husnes og kommunesenteret Rosendal skal planleggjast med sterke sentrumsqualitetar, gode tenestetilbod for heile Kvinnherad, tenleg infrastruktur og god kommunikasjon. Området Husnes/Sunde/Valen skal sjåast i samanheng ved planlegging av bustadområde, arbeidsplassintensive område og transportløyningar. Kvinnherad har i dag store reservar til byggjeområde, både til bustad og fritidsbustad. Nokre byggjeområde har lenge vore avsett i kommuneplanen til utbygging utan å ha blitt realisert. Ved rullering av kommuneplanen er det viktig å vurdere om ein skal ta ut eldre byggjeområde som ikkje har vorte realisert, og eventuelt sjå om ein bør finne nye areal som erstatning av nokre av byggjeområda.



4.1 Oversikt over arealstrategiar:

- Prioritere fortetting og effektiv arealutnytting i og nær tettstadane
- Evaluere bruk av LNFS og differensiert utbygging
- Vurdere om nokre LNFS-areal skal først attende til reine byggjeområde
- Finne eigna framtidig bustadareal
- Vurdere å ta ut eldre byggjeområde som ikkje har vorte realisert
- Vurdere om einskilde reguleringsplanar bør opphevast
- Leggje til rette for fellesanlegg til sjø og småbåthamner (utvikling av eksisterande og etablering av nye)
- Kartlegge strandsoneverdiar og sette byggegrense mot sjø
- Finne eigna område for fortetting i strandsona (grep for å redusere byggepress i verdifull strandsone)
- Finne nye og rette næringsareal for ulike næringsføremål (beredskap for flaks)
- Vidareutvikle eksisterande næringsareal både på sjø og land
- Vurdere nye areal til akvakulturnæringa
- Vurdere eksisterande akvakulturlokalitetar opp mot dei endringane som skjer i næringa.
- Potensiale for massehandtering bør kartleggast (utbygging og landbruk)
- Vidare satsing på tilleggsnæring på gardane
- Vurdere arealbruk til grøn energi
- Ivareta viktige friluftsområde



- Sikre viktige areal for born og unge i nærmiljø
- Sikre nok areal til offentleg og privat tenesteyting
- Nye utbyggingsområde skal vurderast opp mot samfunnstryggleik og beredskap
- Nye utbygging skal i størst mogleg grad skjje langs eksisterande vegsystem og kollektivaksar

5 METODE OG KARTLEGGING

5.1 Verdi- og konsekvensutgreiing og risiko -og sårbarheitsanalyse

Kommuneplanar som legg til rette for framtidig utbygging skal ha ei konsekvensutgreiing (KU) som skildrar og vurderer planen sine verknader for miljø og samfunn. Alle endringar av arealbruk skal verdi- og konsekvensutgreiast, jamfør pbl. § 4-2. Oppdatering av arealbruk i samsvar med vedtekte reguleringsplanar treng ikkje KU.

Risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS) vil bli i verdi- og konsekvensutgreiinga. Analysen er ei grov kartlegging av moglege risikofaktorar basert på kommunen sine akseptkriterium.

Område med fare, risiko eller sårbarheit blir avmerka i planen med omsynssone (jamfør pbl. § 11-8).

Sjølve KU-metodikken er bygd på Statens vegvesen si handbok, V712. I planen skal det lagast ei oversikt over framtidige byggjeområde. Oversikta skal òg innehalda ei skjønsmessig vurdering av konsekvensane av dei ulike tiltaka. Vurderingane skal baserast på kjende registreringar i kommunen og hjå regionale mynde, fagleg skjønn, synfaringar i området og andre kjende opplysningar. Det skal så langt som råd er, hentast inn ny kunnskap om områda der det er utilstrekkeleg grunnlag frå før.

Tema i verdi- og konsekvensvurderinga	
<i>Miljø- og naturressursar</i>	<i>Samfunn</i>
Naturverdiar og biologisk mangfald	Friluftsliv og rekreasjon
Vassdragsnatur	Helse
Kulturminne og kulturmiljø	Universell utforming
Landskap	Born og unge
Ureining og støy	Samfunnstryggleik og beredskap
Klima og energi	Tettstadsutvikling
Marine ressursar	Transportbehov inkl. kollektivstrategi
Strandsone	Trafikktryggleik
Dyrka mark	Næringsliv og sysselsetjing
Innmarksbeite	Infrastruktur og kommunalt tenestetilbod
Drivverdige/ikkje drivverdige skog	Samfunnsnytte
	Berekraft

<i>Verdivurdering</i>	<i>Konsekvensvurdering</i>
Verdien vert vist med 1 til 4 stjerner *	Konfliktgrad vert vurdert frå -1 til +4
* = liten verdi	-4 = Svært store negative konsekvensar
** = Middels verdi	-3 = Store negative konsekvensar
*** = Stor verdi	-2 = Middels negative konsekvensar
**** = Svært stor verdi	-1 = Små negative konsekvensar
	0 = Ingen konsekvensar
	+1 = Små positive konsekvensar
	+2 = Middels positive konsekvensar
	+3 = Store positive konsekvensar
	+4 = Svært positive konsekvensar
	- = Ikkje vurdert

Vidare skal alle tema vurderast med ei kortfatta skildring og ein samanfatta firedelt skala. For kvart område skal det vurderast kor verdifullt området er for kvart tema, og konsekvensane av den føreslegne arealbruken skal vurderast. I dei tilfella der verdiar eller konsekvensar er rekna som marginale, er det ikkje gitt noko vurdering.

Ved konsekvensvurderinga vert det teke utgangspunkt i kunnskap som er kjent. Om det er dårleg grunnlag, skal dette påpeikast. Eventuelle krav om vidare utgreiing i detaljplan eller ved søknad om tiltak, kan bli gitt som føresegn, retningsline eller omsynssone i planen.

Verdi- og konsekvensvurderinga vil òg gje ei overordna vurdering av dei same verknadane av arealbruksendringane for miljø og samfunn.

Spesifikk KU i sjø og vassdrag

Endra arealbruk i sjø og vassdrag vil bli utgreidd med metoden skildra over, til likt med endring av arealbruk på land. Eksisterande kunnskap frå kjende og tilgjengelege databasar og dokument skal leggja kunnskapsgrunnlaget, til dømes naturbase.no, lakseregisteret, MOM-undersøkingar, Regional kystsoneplan m.fl.. Utgreiingstema som særskild vil vere i fokus er: Naturverdiar og biologisk mangfald, friluftsliv og rekreasjon, landskap, vassdragsnatur, kulturminne, ressursar, transport og samfunnsnytte. Desse kjeldene vil også bli nytta ved vurdering av akvakulturtemaet:

- Vedteken kvalitetsnorm for villaks, fastsett med heimel i naturmangfaldlova § 13.
- Vurdering av lakselusindusert villfiskdødelighet per produksjonsområde.
- Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2017 og tidlegare rapportar.

Havbruk er eit nasjonalt satsingsområde og er skildra som ei sentral og viktig næring for Norge i framtida, og akvakulturnæringa bidreg til verdiskaping i kommunen gjennom oppdrettsanlegg, setjefiskanlegg og slakteri.

Det er ei nasjonal forventning at kommunane sikrar areal for vekst i akvakulturnæringa. Miljømessig berekraft er ei viktig føresetnad for vidare vekst. I dette ligg det at kommunane i si arealforvaltning skal sikre nok areal og miljømessig berekraft gjennom si planlegging etter plan- og bygningslova.

I strandsona (randsona langs strandlina) er det naudsynt å sjå samanhengen mellom arealbruk i sjø/vassdrag og arealet på landsida. Kva trong har arealet på land og kva trong har arealet i sjø?

5.2 Analyse av arealreserve knytt til bustad

For å kunne planleggja for nye bustadområde med aukande krav til klima og miljø, trafikk, folkehelse og godt tilgjenge til tenestar for innbyggjarar, er det naudsynt å gjere gode vurderingar for å kome fram til kva areal ein bør nytte. Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse hjå Hordaland fylkeskommune er i gang med ein analyse der dei skal sjå på potensielt tilgjengeleg bustadareal i Kvinnherad. Resultatet i rapporten må kvalitetssikrast (feilkjelder) og kan vidare bli nytta til å bustadplanlegginga.

5.3 Strandsoneanalyse

Strandsona er under auka byggjetrykk, samstundes som 100-meters beltet er definert som eit område med nasjonal interesse. Her skal ein ta særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser (jamfør § 1-8). Ei strandsoneanalyse skal vurdere strandsoneverdiene tilstrekkeleg til at analysen kan brukast som avgjerdsgrunnlag i kommuneplanlegginga, reguleringssaker og einskildsaker. ABO PLAN skal gjennomføre ei slik analyse for kommunen der dei nyttar metodikken for kartlegging av funksjonell strandsone. Vidare skal analysen nyttast til å vurdere høve til fortetting i byggeområde og LNFS-område.

5.4 Flaumfaresonekartlegging

I 2015 vart det meldt inn 13 elver i Kvinnherad med særskild fare for skadeflaum. Då NVE ikkje har planar om å gjennomføre flaumfaresonekartlegging i Kvinnherad i næraste framtid, er Norconsult AS hyra til å gjennomføre kartlegging av i fyrste omgang fire vassdrag. Fleire vil koma etter kvart.

Hovudmålet med kartlegginga er å betre grunnlaget for vurdering av flaumfare til bruk i arealplanlegging, byggesakshandsaming og beredskap mot flaum. Kartlegginga omhandlar kort ein hydrologianalyse og utrekning av flaumvassføring med gjentaksintervall (20, 200 og 1000 år) inkludert klimapåslag.

5.5 Kartlegging av kritiske punkt i bekkar og bratte vassdrag

I tillegg til flaumsonekartlegging, har Kvinnherad kommune fått tilskot frå NVE til å

kartlegge kritiske punkt i bekkar og vassdrag. Kritiske punkt kan vere tekniske inngrep eller naturgitt tilhøve som kan føre til overvatn eller vatn på uynskja stader (underdimensjonerte stikkrenner, tette rister med meir). Områda som blir kartlagt er stader med tett busetnad, til dømes byggjefelt, eller stader som er viktige for infrastrukturen (til dømes vegar, vasshandsamingsanlegg og liknande).

5.6 Moglegheitsstudie i Mauranger


For området kring Maurangerfjorden, frå Sundal til Nordrepollen, ynskjer kommunen å gjere eit moglegheitstudie for å sjå på moglegheitene knytt til bustad og næring. Her er mange omsyn å ta, mellom anna ras- og flaumfare, strandsoneverdiar og jordvernet.

6 HANDLINGSDEL

Handlingsdelen av kommuneplanen syner konkret korleis kommunen følger opp samfunnsdelen av kommuneplanen i dei fire påfølgjande åra. Dette vert sett saman med økonomiplanen for kommunen (figur 9). Handlingsdelen skal òg koplatt opp mot det årlege kommunebudsjettet.

- Handlingsdel som verktøy for kommunen
- Handlingsdelen, samkøyring med 4-årig økonomiplan
- Årleg handlingsplan integrert med årsbudsjett

For å sikre at kommuneplanen skal følgast opp, er det avgjerande at handlingsdelen vert tatt inn i økonomiplanen og årsbudsjettet for kommunen.



Figur 9 Viser samanheng mellom planprogram, samfunnsdel, arealdel og økonomiplan. Handlingsdelen skal vise korleis kommunen skal følgje opp samfunnsdelen dei neste fire åra. Dette vert sett saman med økonomiplanen for kommunen.

7 KJELDER

Helsedirektoratet:

<https://helsedirektoratet.no/> [Haust 2018]

Miljødirektoratet:

<http://www.miljokommune.no/> [Haust 2018]

Norsk klimaservicesenter: *Klimaprofil Hordaland*

<https://klimaservicesenter.no/faces/desktop/article.xhtml?uri=klimaservicesenteret/klimaprofiler/klimaprofil-hordaland>. 2017.

Hordaland fylkeskommune:

<http://statistikk.igest.no/hf/> [Haust 2018]

Hordaland fylkeskommune: *Hordaland i tal 2018 Nr. 1-2018. Folketal og demografi.*

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/hordaland-i-tal/hordaland-i-tal-1-18.pdf>. 2018.

Hordaland fylkeskommune: *Hordaland i tal 2018 Nr. 2-2018. Næring, innovasjon og kompetanse.*

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/hordaland-i-tal/hordaland-i-tal-2-18.pdf>. 2018

Distriktssenteret: <https://distriktssenteret.no/> [Haust 2018]

Hordaland fylkeskommune:

<http://statistikk.igest.no/hf/> [Haust 2018]

Statistisk sentralbyrå:

<https://www.ssb.no/befolkning>,
<https://www.ssb.no/kommunefakta/kvinnherad> [Haust 2018]

Oslo metropolitan University, storbyuniversitetet:

<http://www.ungdata.no/Kart?kommune=Kvinnherad>

Kvinnherad kommune (2015)

Folkehelseoversikta 2015-2019, Kvinnherad

Kvinnherad kommune (2017) *Bustadplan – Samla bustadplan for Kvinnherad kommune i perioden 2017-2030, Kvinnherad*

Volda kommune (2016) *Kommuneplan for Volda kommune samfunnsdelen 2016-2028, Volda*

Volda kommune (2016): *Planprogram arealdelen 2018-2030, kommuneplan for Volda kommune, Volda*

Fusa kommune (2018): *Kommunedelplan for akvakultur 2018-2027 (høyringsdokument), Fusa*

Telemarksforskning TF-rapport nr. 442 2018. Knut Vareide, Solveig Svardal, Hanna Nyborg Storm og Sondre Groven (2018) *Suksessrike distriktkommuner anno 2018.*

Folkehelseinstituttet (2019) *Folkehelseprofil 2019, Kvinnherad kommune.* Oslo, Folkehelseinstituttet

Greensight Rapport nr. 30014 (2018) *Energikartlegging av Kvinnherad kommune*

Vedlegg A Føringar

Nasjonale føringar og retningslinjer

Kvart fjerde år utarbeidar regjeringa nasjonale forventningar til kommunal planlegging for å fremja berekraftig utvikling, og desse forventningane skal leggjast til grunn når kommunen arbeidar med planstrategiar og planar (jamfør pbl. § 6-1). Gode og effektive planprosessar, berekraftige areal- og samfunnsutvikling og attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde er fokusområda som vart vedteken 12.juni 2015.

I tillegg til forventningar knytt til fokusområda og sentrale lovverk, er det ei rekkje rikspolitiske stortingsmeldingar og retningslinjer som gjev føringar for den kommunale planleggingar (lista er ikkje uttømmende):

- [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, 2015](#)
- [Statlege retningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, 2014](#)
- [Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen, 2011](#)
- [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, 2018](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for å styrkje born og unge sine interesser i planlegging, 2016](#)
- [Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, 1995](#)
- [Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, 2016](#)
- [Nasjonal jordvernstrategi, 2015](#)
- [Universell utforming i planlegging etter plan- og bygningsloven, 2017 \(utkast\)](#)
- [Folkehelse og kommuneplanlegging, 2011](#)
- [Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Hordaland](#)

Regionale føringar og retningslinjer

Regional planstrategi

I kvar fylkestingperiode skal fylkestinget vedta ein regional planstrategi som peikar på dei viktigaste utfordringane i fylket, setja

langsiktige mål for utviklinga og prioritera regionalt planarbeid. [Regional planstrategi 2016-2020](#) vart vedteke 13. og 14. desember 2016. Det langsiktige målet er at Hordaland skal vere berekraftig, attraktiv og nyskapande. Hovudmåla for fylket er å ha høg sysselsetjing, vere eit inkluderande samfunn, ha ei klima- og miljøvenleg utvikling og samarbeide i ein sterk Vestlandsregion. Vidare peikar planstrategien på at det er viktig at kommunar fremjar mål og strategiar som peikar i same retning.

Regionale føringar og retningslinjer

Regionale planar er retningsgjevande for kommunal planlegging og kan gjelde for heile fylket, delar av fylket eller for særskilte tema.

- [Regional plan for kompetanse og arbeidskraft](#)
- [Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel 2015-2026](#)
- [Regional plan for folkehelse 2014-2025 – Fleire gode leveår for alle](#)
- [Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025](#)
- [Regional transportplan Hordaland 2018-2029](#)
- [Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger](#)
- [Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017](#)
- [Regional plan klima og energi for Hordaland 2014-2030](#)
- [Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021](#)
- [Fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021](#)

Kommunale føringar og retningslinjer

Planstrategi

Kvinnherad kommune sin planstrategi vart vedteken 26.05.2016. Planstrategien nemner mellom anna desse strategiane:



- I samfunnsplanlegginga skal det leggjast vekt på å samle kommunen og skape samhald
- Differensiert arealforvaltning slik at dei kvalitetane som er unike for kvar bygd kan forsterkast
- Bygge nettverk mellom fritidstilbod, næringsliv, helse, skule, kunnskap og marknadsføring
- Ta omsyn til bustadtilhøve og bustadprisar for fyrstegangsetablerarar
- Støtte opp om initiativtakarar som bidreg til å nå kommunen sine strategiske mål

Kommuneplan

Eksisterande kommuneplan for Kvinnherad er samansett av:

- Arealdel til kommuneplan for Kvinnherad 2016 – 2026
- Kommuneplan for Kvinnherad, måldokument, 1999-2010 (ref. samfunnsdelen)

Kommunedelplanar

Tematiske kommunedelplanar som er vedtekne:

- Kommunedelplan for vassforsyning og avløp (2013-2024)
- Kommunedelplan for trafikksikring (2012-2020)
- Kommunedelplan for skulebruk (2016-2028)
- Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2014-2022)
- Kommunedelplan for Fjelbergsambandet (2012)
- Kommunedelplan for ferjekai Varaldsøy (2014)
- Kommunedelplan for omlegging av FV 48 Løfallstrand

Tematiske kommunedelplanar som er under arbeid eller skal rullerast:

- Kommunedelplan for regionsenteret Husnes - NY
- Kommunedelplan for kulturminner – NY
- Kommunedelplan for ferjesambandet Stord-Kvinnherad - NY

- Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial - NY
- Kommunedelplan for samferdsle - NY
- Kommunedelplan for landbruk - Rullering
- Kommunedelplan for klima og energi - Rullering

Reguleringsplanar

I Kvinnherad kommune er det om lag 250 reguleringsplanar/«bebyggelsesplanar» vedtekne frå 1965 og fram til i dag.

Andre fagplanar og relevante dokument

- Økonomiplan (2018)
- Rehabiliteringsplan 2008
- Overordna risiko- og sårbarheitsanalyse 2014
- Omsorgsplan 2010-2020
- Landbruksplan 2004
- Klima og energiplan 2020
- Hovudplan skogsvegar 2013-2025
- Folkehelseoversikta 2015-2019
- Bustadplan 2017-2030
- Rapport: Energikartlegging av Kvinnherad kommune 2

